



Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

IFK-PLAN

PLAN FOR IDRETT-, FRILUFTSLIV-, FYSISK AKTIVITET OG KULTURANLEGG

2022-2025

Vedteke dokument:

Kommunestyret PS 96/21 den 16.12.2021

Rullering Handlingsprogram:

Kommunestyret PS 120/23 den 14.12.2023



Foto: Marit S. Kvaale

Innhold

1.	Mål	3
1.1	Målsetting for satsinga til Bygland kommune på idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet ..	3
1.2	Målsetting for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv	3
1.3	Samanheng med andre kommunale planar	4
2.	Organisering	5
2.1	Administrativ organisering	5
2.2	Politisk organisering	6
3.	Folkehelsearbeid	6
4.	Situasjonen no og vegen vidare	6
4.1	Statusoversikt for idrett- fysisk aktivitet og kulturanlegg	6
4.2	Vurdering av behov	7
4.3	Drift og vedlikehald	8
5.	Handlingsprogram 2024-2027	8
5.1	Vurderingar og konsekvensar	8
5.2	Prioriterte anlegg 2024-2027	8
5.3	Uprioriterte anlegg	9
6.	Vedlegg	10

1. Mål

1.1 Målsetting for satsinga til Bygland kommune på idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet

Målsettinga for utbygging av anlegg i kommunen er å legge til rette slik at innbyggerane får best mogeleg høve til å drive med idrett & fysisk fostring og ha tilgang på kulturelle bygg.

1.2 Målsetting for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv

Det er ei omfattande oppgåve å legge til rette med høvelege og gode tilbod når busetnaden er såpass spreidd som i Bygland kommune. Sidan det i praksis ikkje er mogeleg å sentralisere alt til ein plass, vert det aktuelt å satse på utvikling av gode anlegg på fleire stader i kommunen. Samstundes er det avgjerande å ta vare på naturen, der det på beste vis kan leggest til rette for ein "aktiv livsstil i Bygland". Ut frå dette har vi denne målsetjinga:

Det er ei overordna oppgåve å legge til rette slik at alle innbyggerane kan få tilgang til høvelege idretts- og friluftslivsanlegg i sitt nærmiljø; då det er for store avstandar til at alle aktivitetar kan sentraliserast til enkeltstående kommunale anlegg.

Bygland kommune har eit godt utval i turområde, m.a. med gode fiskevatn fleire stader. Fiske i Byglandsfjorden og div. fiskevatn er tilgjengeleg via fiskekort.

I 2019 vart Bygland kommune medlem i Midt-Agder Friluftsråd. MAF skal i samarbeid med eigarkommunar og andre aktørar leggje til rette for friluftsliv heile året. Målet er å «skape moglegheiter for alle i friluft».

MAF skal:

- Arbeide for å fremje eit enkelt, aktivt, allsidig og miljøvenleg friluftsliv, og å bevare natur- og kulturverdiar.
- Arbeide for sikring og tilrettelegging av regionalt viktige friluftsområde.
- Arbeide for hensiktsmessig forvaltning og drift av regionale friluftsområde, inkludert regionale turløyper og skiløyper.
- Informere om og koordinere friluftsmoglegheiter i regionen.
- Arbeide for opplæring og aktivitet med basis i regionen sine friluftsmoglegheiter.
- Gi uttale i viktige saker som gjeld friluftslivet, inkludert plansaker.
- Arbeide med andre friluftssaker av regional karakter.
- Verne om allemannsretten som føresetnad for friluftslivet.

For ukjende og tilreisande er det fleire merka og skilta turløyper. Skilting, og merking er gjort i fargar som er attkjennande i heile landet, og desse syner grad av vanske på løypa. Løypene er registrerte med GPS-koordinatorer. Turistforeininga har også sine løyper innover i heiane. Kommunen, reiselivsnæringa og turistorganisasjonane har samanfallande interesser i å få utarbeidd kart over turområde- og løyper. Opne skogsbilveggar er viktige i denne samanhengen.

Det er følgjande regulerte friområde med badeplassar etc.:

- Presteneset (Tangen)-Regulert i reguleringsplan for Presteneset.
- Gullsand (Bygland)- Regulert til friområde i reguleringsplan for Nesmoen.
- Grendi-nord er regulert til friområde i strandsonenplanen.
- Vassendkilen, er regulert i reguleringsplan for Byglandsfjord.
- Hagenes.
- Stigemo.
- Reiårsfossen.
- Rakkenes: er i strandsonenplanen sett opp som eit område det skal etablerast toalett, parkering mm. Ein jobbar med saka.

Strandsonenplanen legg ut fleire fellesområde som omsynssone LNF-friluftsliv. I planen er såleis tatt med ei rekke naturgjevne badeplassar og friluftsområde der kommunen vurderer behov for å sikre og legge til rette for allment friluftsliv. Mellom desse er badeodden nord for Byglandsfjord, Dalskilen, Fånefjell, Grendi, Rakkenes, Lauvdalsodden, elvedeltaet ved Reiårsfossen og øyane i Byglandsfjorden.

I samband med drifta av dampbåten Bjoren, oppstår behov for offentleg tilgjenge til område langs fjorden, t.d. ved slusene på Storestraumen og ved alle bryggene.

Det er ei auke i bruk av fritidsbåtar i fjorden, og behov for bryggeanlegg. Mogeleg regulering av båtbruk vert også aktualisert, særleg ved badeplassane. Dette siste er elles ikkje eit anlegg, og er ikkje del av denne planen.

Arbeidet med sti- og løypeplan for kommunen har starta opp. Planen skal innehalde skiløyper, turveggar og sykkelruter og vil seie noko om kommunen sin ønskte utvikling innan forvaltning og utvikling av ferdselsårer.

1.3 Samanheng med andre kommunale planar

Målsettinga er i god samanheng med dei overordna målsettingane i kommuneplanen. I gjeldande kommuneplan er det følgjande målsettingar under hovudsatsingsområde kultur, idrett og friluftsliv

1. Alle innbyggjarane har moglegheit til å delta på fellesarenaer for kultur, idrett og friluftsliv.

2. Alle innbyggjarane opplever å ha god tilgang til eit breitt tilbod innan kultur, idrett og friluftsliv.
3. Verdiskaping knytt til kulturarven har auka.
4. Frivilligheita er drivkraft i vidareutviklinga av kultur-, idretts- og friluftslivet.

Tiltaka i kommunedelplan for idrett & friluftsliv skal vere med å fremme ei positiv utvikling.

I høve til andre styringsdokument i kommune har IFK-planen slik status:

IFK-planen fungerer som ein sektorplan, og er kommunen sin styringsreiskap for prioritering av søknader om spelemidlar. Planen skal omtale tilhøve ved utbygging og seinare drift/tilsyn av anlegga. Handlingsdelen til IFK-planen vert styrt av den til ei kvar tid gjeldande økonomiplan og årsbudsjett. Dei enkelte anlegg vert handsama i tråd med plan- og bygningslova og det vert slik teke omsyn til ulike arealplanar.

2. Organisering

2.1 Administrativ organisering

Det er lagt opp til følgjande arbeids- og ansvarsfordeling:

Kulturadministrasjonen i samråd med kommunedirektøren har ansvar for:

- Sektorplan for idrett, friluftsliv & kulturbygg (IFK-plan)
- Sakshandsaming av IFK-plan, samt rettleiing av søkjarar
- Elektronisk mottak/registrering og samordning av søknader om spelemidlar, og få utbetalt tilskot (spelemidlar).

Drift og forvaltning har ansvar for:

- Budsjett for gjennomføring av plan/byggeleiing i høve kommunale nyanlegg.
- Drift- og faghandlingsplanar for gjennomføring av vedlikehald av eksisterande kommunale anlegg innaføre vedteken og gyldig budsjettramme og tilgang på personalressursar.
- I høve store prosjekt som går over lengre tidsrom, er det i blant aktuelt å organisere særskilde løysningar når det gjeld prosjektleiing. Dette for å ivareta økonomi og framdrift.

Samfunnsutvikling har ansvar for:

- Byggjesøknadar for kommunale anlegg, jf. PBL.
- Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning.

2.2 Politisk organisering

IFK-planen vert lagt fram for Rådet for eldre og funksjonshemma og Ungdomsrådet. Den vert handsama av formannskapet, og vedteke av kommunestyret. Plan, miljø og ressursutvalet har oppgåver i samband med plan- og byggesakhandsaming i tilknytning til dei enkelte anlegga.

3. Folkehelsearbeid

Folkehelsekoordinatoren skal mellom anna:

- delta i arbeidet med å utarbeide dokument over helsetilstand og påverknadsfaktorar i kommunen Jfr. Lov om folkehelsearbeid § 5.
- vere ein pådrivar for det førebyggjande og helsefremjande arbeidet i kommunen.
- vere med på å drøfte kommunen sine helseutfordringar i lokal planstrategi.
- ha direkte kontakt med aktuelle instansar, kommunalt tilsette og frivillige organisasjonar. Delta på eksterne samlingar.

4. Situasjonen no og vegen vidare

4.1 Statusoversikt for idrett- fysisk aktivitet og kulturanlegg

Etter intern vurdering november 2022, er status slik:

- Det står att ein del når det gjeld opprusting av eksisterande ljosløyper på Bygland/Heistad.
- Ljosløype Bygland. Bygland IL vil nytte denne ved gode nok snøforhold.
- Kommunen arbeider med å få etablert turveg på Byglandsfjord. Turvegen er tenkt som eit nærmiljøanlegg, og skal vere tilgjengeleg for alle. Prosjektet ligg i økonomiplan for 2023. Det vart søkt om spelemidler for sjølve turvegen i 2021. Denne vart ikkje innvilga, men fornya søknad vart innvilga. Ein har og fått innvilga spelemidler til Trimpark som er ein del av nærmiljøanlegget.
- Det er kom inn innspel om opprusting av leikeplassar i kommunen i 2020:
- I høve Prestlidi-sak i KS den 13.02.2020 sak KS 11/2020- «Innbyggjarforslag: Etablering av leikeplass i Prestlidi bustadfelt», vart det gjort følgjande vedtak: Rådmannen vert beden om å leggje fram ei sak med kostnadsoverslag for

opprusting av leikeplass i Prestlidi bustadfelt innan 01.06.2020. I KS-sak 13.02.2020 er det også teke med andre leikeplassar, slik som Grendi skule, Åraksbø grendehus og Hampefjell.

I 2021 blei det avsett kr 150 000,- til å opparbeide leikeplass i Prestlidi. I samråd med Bygland grendelag har dette arbeidet starta opp. Det er utført grunnarbeid med drenering og opprusting av arealet, og kjøpt inn leikeapparat.

- Bakkane Bustadfelt, Grendi skule, Åraksbø Grendehus, Hampefjell, Bygland skule (leikeplass for småskulen)

Ein må vurdere om det er behov for leikeplassar på alle desse stadane i framtida. Det er svært ressurskrevjande å ruste opp og vedlikehalde desse leikeplassane.

4.2 Vurdering av behov

- Det er eitt sterkt behov for ein turveg på Byglandsfjord, då den førre forsvann i samanheng med etablering av nytt bustadfelt. Det vart innarbeida midlar til eit forprosjekt i budsjett for 2019, og arbeidet med dette er sett i gong og vil fortsetje ut i 2023.
- Det er kome inn eit privat initiativ frå ei undergruppe av Bygland IL i 2020 som ville etablere ein endurobane på Bygland. Saka «Innspel til varsel om oppstart av planarbeid for Nesmoen endurobane» PS 78/20, vart handsama i PMR den 15.09.20 kor det vart gjort følgande vedtak: *«Bygland kommune er positive til at det blir starta opp reguleringsplanarbeid for endurobane. I den vidare utarbeidinga av reguleringsplanen for Nesmoen Endurobane må det bli gjort ei nærare vurdering / utgreiing av konsekvensane for vilt og fugl, støy og ROS analyse. Det må også bli sett føremålsavgrensingar i plankartet for kva områder som skal nyttast til ulike føremål som t.d motorsport / løyper, kva områder som framleis skal vere LNF-område samt areal til anna infrastruktur anlegget vil krevje, som t.d område for parkering, bygningar, vatn / avlaup m.v. Tiltakshavar blir oppmoda til å vurdere om delar av areala langsmed Rv 9 kan regulerast med føremål næring»*. I følgje Bygland Idrettslag er utkast til reguleringsplanen klar frå Idrettslaget si side.
- I 2021 kom Bygland Idrettslag saman med KVS Bygland med framlegg om at dei ønska å etablere ein Discgolfbane på Bygland. Bygland IL har søkt om spelemidlar til dette prosjektet, og fått innvilga søknaden.
- Kulturhus er sett på vent på ubestemt tid, difor er den lagt på uprioritert liste.

4.3 Drift og vedlikehald

Vedlikehald av anlegg skjer i samarbeid mellom DFV og den enkelte eigar/driver. DFV vurderer behov for vedlikehald opp mot tilgjengelege midlar, og avgjer såleis kva som kan gjerast.

5. Handlingsprogram 2024-2027

5.1 Vurderingar og konsekvensar

- I økonomiplan 2024-2027 er det sett av midlar i 2025 til opprusting av kjøkkenet tilknytt Kulturscena. Det er søkt og motteke spelemidlar på Kulturscena inkludert ombygging av kjøkkenet. Status: Sjølve Kulturscena er ferdig, og spelemidlane er utbetalt. Det som står att er opprusting av kjøkkenet som ligg inntil scena.
- Prioritering av turveg på Byglandsfjord er nå på 1. plass på prioritert liste. Det er innvilga spelemidlar for dette prosjektet i 2022, og innarbeidd i økonomiplanen for 2024, 2025 og 2026.
- Enkelte andre prosjekt har kome til grunna innspel frå lag og foreiningar og innbyggjarar. Dette gjeld til dømes Endurobane, Discgolfbane og innandørs skyteanlegg samt klatrevegg og sykkelløype. Dette er prosjekt initiert av private/lag og foreiningar.

Det er viktig å vere klar over at lista over prioriterte anlegg er forpliktande for kommunen. Investering og bygging avheng av økonomiplanen og eit eventuelt vedtak i kommunestyret.

Rullering av prioriteringar og handlingsprogram kan òg bli aktuelt viss det ligg føre særskilt gode vilkår for finansiering og/eller forpliktande avtale for medfinansiering frå andre aktørar, t.d. lag & foreiningar, privat finansiering/fond etc., off. samarbeid, t.d. Statens Vegvesen, anna offentleg samfinansiering.

5.2 Prioriterte anlegg 2024-2027

Anlegg som er prioriterte skal i utgangspunktet vere realiserte innan ein fireårsperiode, men merk atterhalda nemnt ovanfor.

Dei anlegga som har utløyst spelemidlar, men som ikkje er påbegynt, ferdigstilte eller har fått utbetalt spelemidlane er merka med *.

Dei som er med i kommunedirektøren sitt framlegg til økonomi- og handlingsplan 2024-2027 har oppgitt kostnad i lista. Dei anlegga som ikkje er finansiert via budsjettet på noverande tidspunkt, og dei som er planlagt i privat regi manglar tal på kostnad (merka med **).

Tiltak frå 2024 og ut perioden er avhengig av budsjettvedtak.

Anleggstype	Prosjekteigar	Stad	Prioritet	Oppstart	Tilskot (1000kr)	Kostnad anlegg (1000 kr)
Turveg Byglandsfjord*	Bygland kommune	Byglandsfjord	1	2024	675	2400
Ungdomsklubb	Byglandstunet	Bygland	2	2024	-	**
Dagsturhytta*	Bygland kommune	Grendi	3	2023	468	300
Discgolfbane Bygland*	Privat	Bygland	4	2023	289	578
Trimpark*	Bygland kommune	Byglandsfjord	5	2025	209	418
Innandørs skyteanlegg	Privat	Byglandsfjord	6	2023	-	258
Bibliotek/utstillingslokale	Byglandstunet	Bygland	7	2024	-	**
Endurobane	Privat	Bygland	8	2025	-	**
Kulturscene (Lys- og tepperigg)	Bygland kommune	Bygland	9	2025	-	250
Kulturscene (Nytt lydanlegg)	Bygland kommune	Bygland	10	2025	-	150
Kulturscene (kjøkken)***	Bygland kommune	Bygland	11	2025	Ja	375
Ljosløype på Tangen	Privat	Bygland	12	2025	-	**
Ljosløype på Heistad	Privat	Heistad	13	Uavklart	-	**
Klatrevegg Byglandsfjord	Privat	Byglandsfjord	14	Uavklart	-	**
Sykkelløype Byglandsfjord	Privat	Byglandsfjord	15	Uavklart	-	**

* Har fått tilsegn om spelemiddeltilskot

** Ikkje utarbeidd kostnadsoverslag

*** Inngår i spelemiddeltilskotet til Kulturscena

5.3 Uprioriterte anlegg

Desse anlegga er det eit mål å realisere i løpet av 12 år. Nokre av anlegga kan kome inn att på prioritert liste fort, andre kan kome til å bli tatt ut av lista då ein ikkje finn det mogleg å realisere dei.

Anleggstype	Prosjekteigar	Stad	Prioritet	Oppstart	Kostnad anlegg
Leikeplass i Ose sentrum		Ose	-		
Innandørs skytebane		Bygland	-		
Kulturhus		Bygland	-		

6. Vedlegg

Oversikt over anlegg i Bygland kommune

Staten v/KUD har eit samla digitalt anleggsregister, som er tilgjengeleg via internett på www.idrettsanlegg.no. Anlegga har eige anleggsnummer, anleggsnamn, registrert gardsnr./bruksnr. med kartreferanse og koordinatar, namn på eigar m/adresse, anleggskode og anleggskategori, registrert byggeår/ferdigstilling og evt. registrerte ombyggingar eller andre merknader. Registeret må oppdaterast kvart år av kommunen. Dette er eit krav for å få spelemidlar.

Anleggslista vert oppdatert kvart år. Her følgjer eit oversyn over eksisterande og planlagte anlegg i Bygland kommune slik dei er registrerte i anleggsregisteret per Januar 2024:

Namn	Anleggsstatus	Eigar	Anleggstype	Byggeår
Austli orientering	Eksisterande	BYGLAND IDRETTSLAG	Orienteringskart	1975
Balløkke Ose	Planlagt	BYGLAND IDRETTSLAG	Liten balløkke/-bane	
Bru ved Langsvann	Planlagt	DNT SØR	Tursti	
Bygland Frisbeegolfbane	Planlagt	BYGLAND IDRETTSLAG	Diskgolfanlegg	2022
Bygland Idrettsbane- Fotball Gressbane	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Fotballbane gress	1970
Bygland idrettshus	Eksisterande	BYGLAND IDRETTSLAG	Klubbhus	2015
Bygland Kulturscene- skole Kulturaula	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Flerbrukslokale for kultur	1970
Bygland lerduebane	Eksisterande	BYGLAND JEGER- OG FISKARLAG	Lerduebane (ute)	1992
Bygland skole - klatreanlegg	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Flerbruksområde (ute)	1975
Bygland skole ballbinge	Eksisterande	BYGLAND IDRETTSLAG	Ballbinge	2003
Bygland skole Balløkke	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Liten balløkke/-bane	1992
Bygland skole håndballbane	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Liten balløkke/-bane	1974
Bygland skole Skiløype	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Tur-/skiløype	1970
Bygland skole svømmeanlegg	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Opplæringsbasseng (inne)	1972
Bygland skole volleyballbane	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Liten balløkke/-bane	1974
Bygland skole, flerbrukshall 45x25m-Byglandshallen	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Fleridrettshall	2016
Bygland skule Basketballbane skateboardanlegg	Planlagt	BYGLAND KOMMUNE	Skatepark	2011
Bygland Skule Bordtennis ute	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Bordtennisbord (ute)	
Bygland Skule klatreanlegg	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Klatre/buldreveg (ute)	
Bygland skule skateanlegg	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Skatepark	
Bygland skule trampoliner - små	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Flerbruksområde (ute)	
Bygland skule uteområde - skuleplassen	Planlagt	BYGLAND KOMMUNE	Flerbruksområde (ute)	2018
Bygland Skytebane	Eksisterande	BYGLAND SKYTTERLAG	Riflebane (ute)	2008
Bygland Trialbane	Planlagt	Bygland og omegn Trialklubb	Trial/enduroløype	2005

Byglandsfjord miniatyrskytebane	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Skytebane (inne)	1991
Byglandsfjord skole - balløkke/isflate	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Liten balløkke/-bane	1992
Byglandsfjord skole - hinderløype og gap	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Hinderløype	2004
Byglandsfjord skole Badeplass	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Badeplass	1980
Byglandsfjord skole flerbrukshall	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Fleridrettshall	2001
Byglandsfjord skole Skytebane	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Skytebane (inne)	1983
Byglandsfjord skole Ulike småanlegg	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Flerbruksområde (ute)	1992
Byglandsfjord turveg	Planlagt	BYGLAND KOMMUNE	Turvei	
Gaukhei- bortelii	Eksisterande	DNT SØR	Tursti	1947
Gaukhei hytta	Eksisterande	DNT SØR	Overnattingshytte	1986
Gaukhei- kvinen	Eksisterande	DNT SØR	Tursti	1947
Gaukhei- ljosland	Eksisterande	DNT SØR	Tursti	1947
Gaukhei- stakkedalen	Eksisterande	DNT SØR	Tursti	1947
Gaukhei- øyvuvsbu	Eksisterande	DNT SØR	Tursti	2016
Gaukhei-håhelleren	Eksisterande	DNT SØR	Tursti	1947
Grendi - Dagsturhytta Agder	Planlagt	BYGLAND KOMMUNE	Dagsturhytte	2023
Hampetjønn Ballbinge	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Ballbinge	2003
Hampetjønn nærmiljøanlegg Balløkke	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Liten balløkke/-bane	1994
Hampetjønn tennisbane	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Tennisbane (ute)	1997
Heistad lysløype	Eksisterande	BYGLAND IDRETTSLAG	Tur-/skiløype	1980
Josefsbu	Eksisterande	DNT SØR	Overnattingshytte	1992
Josefsbu-gaukhei	Eksisterande	DNT SØR	Tursti	1947
KVS-Bygland Idrettshall	Eksisterande	KVS-BYGLAND AS	Fleridrettshall	2006
Nesmoen skytebane	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Riflbane (ute)	1987
Nesmoen skytebane Idrettshus	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Klubbhus	1996
Ose grendehus	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Flerbrukslokale for kultur	1993
Sanitæranlegg Dalebukta	Planlagt	BYGLAND KOMMUNE	Sanitærbygg	
Sanitæranlegg Prestneset	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Sanitærbygg	2015
Sanitæranlegg Reiårsfossen	Planlagt	BYGLAND KOMMUNE	Sanitærbygg	
Stakkedalen	Eksisterande	DNT SØR	Overnattingshytte	1949
Stakkedalen-gaukheihytta	Eksisterande	DNT SØR	Tursti	1947
Stakkedalen-håhelleren	Eksisterande	DNT SØR	Tursti	1947
Stakkedalen-langeid	Eksisterande	DNT SØR	Tursti	1947
Stakkedalen-øyvuvsbu	Eksisterande	DNT SØR	Tursti	1947
Stupetårn/flytebrygge Prestneset	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Stupebasseng (ute)	1985
Stupetårn/flytebrygge Vassendkilen	Planlagt	BYGLAND KOMMUNE	Stupebasseng (ute)	
Tangen-Prestneset Volleyballbane-sand	Eksisterande	BYGLAND KOMMUNE	Sandvolleyballbane	2013
Tjønndalen Turisthytte	Eksisterande	DNT SØR	Overnattingshytte	
Trimpark	Planlagt	BYGLAND KOMMUNE	Trimpark	
Tuftepark Prestneset	Eksisterande	BYGLAND IDRETTSLAG	Trimpark	2015